



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 22. mars 2023

Salg av eigedom

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 22. mars 2023 kl. 08.30 vart det halde felles føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde på video.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseforetak § 31 (ref. Helse Vest RHF si styresak 008/23)

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

I tillegg møtte:

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret møte

Nestleiar Olin Johanne Henden (etter fullmakt frå styreleiar)

Gunnar Berge

Oddvar Kaarbøe

Solfrid Borge

Tord Anton Haaland

Wenche Kristin Røkenes

Frå administrasjonen møte

Fungerande administrerande direktør Ivar Eriksen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen, og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Agnes Landstad hadde meldt forfall. Nestleiar Olin Johanne Henden møtte med fullmakt frå styreleiar.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Nestleiar Olin Johanne Henden og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseforetak § 31 (ref. Helse Vest RHF si styresak 008/23)

Føretaksmøtet viste til brev frå Helse Vest av 20. februar 2023, jf. styresak 008/23 i Helse Vest RHF, der dei bad om samtykke til sal av eigedom tilhøyrande Helse Stavanger HF. Eigedomen er Cecilie Tvedts gate 9, 10 og 12 i Stavanger kommune, i nærleiken av sjukehuset på Våland. Eigedomen har tre bustadblokker med til saman 57 leilegheiter.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 008/23 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eigedomen Cecilie Tvedts gate 9, 10 og 12, gardsnummer 12, bruksnummer 21 i Stavanger kommune, tilhøyrande Helse Stavanger HF.*
- 2. Frigjorte middel ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*

Møtet vart heva kl. 08.35.

Oslo, 22. mars 2023

Målfrid Bjærum

Olin Johanne Henden

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar